

Vestafor Måne

Forteljar Guri Aasen

Hjelmesetvegen 6A, 6092 Fosnavåg, tlf. 936 06 7 15, guri-aas@online.no, Org.nr. 982 358 973

Djupdykk blant mystiske vesen i Blåmyra Fortelje-framsyning med segner frå havet



Kraken – «Carta Marina» av Olaus Magnus 1542

« In Marin multa latent – i Havet skjules mange ting.

Ja, var det os muligt at se igjennem de dybe vande så som gjennem luften, eller kunde vi tømme havet, som man lader en liden søe eller fiskedam arløbe for at rense den!

Oh! Hvilken utroelig adskillighed af ubekendte og til dels rett græsselige Monstres Marinis vilde vi da se vrimle på havbunden!»

Frå «Det første forsøg på Norges naturlige historie» Biskop Erik Pontoppidan 1752



Marmælen slik A. Norn har tenkt seg den vesle havmannen. Ill. frå 1862

***Det er ikkje “fast fisk” alt som rører seg i sjøen,
eller berre kverna som mel på havsens botn.***

Gjennom ein times djupdykk får tilhøyrarane stifte kjennskap med eit engere utval av dei underlege, trolske og fryktinngytande skapningane vi må ut i det ville havgapet på Sunnmørskysten for å få auge på.

Slike som Kraken, Draugen, Havbokkjen, Marmælen, Margygra og fleire til.

Ispunne vitnesbyrd om truverdige sjøfolk sine møte med desse underlege og mektige skapningane, får publikum og lære litt av kvart om gamle merke på godt og ringt fiske, og om magi som fremjar lukke eller kan føre til ulukke til havs.

Visste du til dømes at blodpølse er stormmat? Greit å vite i tilfelle det skulle havne ei slik i nistedåsen neste gong du skal ut i båt!

Segntradisjonane og folketrua om dei løyndomsfulle kreftene tilknytta det blå djupet har vore levande blant kystfolket heilt opp til vår nære fortid. For å rå med naturkreftene har det å kunne lese merka i naturen, veret, vinden og sjøen til alle tider vore livsviktig kunnskap i kystfolket sin kamp for tilveret.

Ein kunnskap vi moderne menneske óg kanskje har noko å lære av? Kraftfulle historier er det i alle fall, så velkomen til ein time med garantert sjøgong.



Draugen - Theodor Kittelsen 1887

*Myrkret gaper med avgrunnsglup
og svart under kjølen ruggar;
draugane sym i det store djup
og stig som skræmande skuggar*

Frå «Utelega på havet» – Anders Hovden

Framsyinga har til no vore framført fylgjande stader:

Forteljescenen Jakobs Brønn i Oslo, Altona vinbar i Bergen, Longyearbyen skule på Svalbard, Teaterfestivalen i Ålesund, Hotell Scandic i Ålesund, Restaurant Maki i Fosnavåg, Jacobsenhuset, tre turnear i den kulturelle skulesekken i Sogn og Fjordane (ca. 120 skuleframsyingar), Den kommunale kultursekken i Herøy, Ulstein, Sula og Ørsta, Den kulturelle Spaserstokken i Herøy, samt innseld til ei lang rekke med private arrangement i heile fylket sidan 2007.

Bakgrunnstoff/ kjelder:

Arnold Farstad : Havuhyre
Martin Bjørndal: Segn og tru
Jørgen Gjerding: Segner frå Sunnmøre
Tor Erik Standal: « Bökkjen kunne være både troll og menneske» - en analyse av fortellertradisjonen om bökkjen
Ørnulf Hodne: Det gåtefulle Norge

Aldersgruppe: Kan tilretteleggast for alle aldersgrupper (9 – 109 år)
Varigheit: Frå 30 – 60 minutt
Spele plass: 2 x 3 meter golv/ eit lite bord

Ta kontakt for pristilbod.